



Bokn kommune



Bokn, i sentrum for vekst



Velkommen til Bokn

Bokn er ein liten kommune, rundt 860 innbyggjarar, men med store moglegheiter framover. Me ser lyst på framtida, har nettopp bygd ny skule og forventar auke i folketalet. Difor arbeider me med å legge til rette for fleire tomter i kommunen, og har ei god ordning med startlån for dei som vil bygge. Me satsar på å lage eit attraktivt lokalsamfunn med gode kommunale tenester, interessante fritidstilbod, eit rikt kulturliv, lett tilgang til natur og stor medverknad frå frivillige organisasjonar - slik at folk skal få lyst å busetje seg her.

Rogfast er no under bygging, og vil gi stor aktivitet i 10 år framover. Når vegprosjektet er ferdig, vil Bokn bli den mest sentrale plassen i Rogaland, med ein halv times køyring til både Stavanger, Sola, Sandnes, Haugesund, Karmøy og Tysvær. Haugaland næringspark, der Bokn er ein av eigarane, er under utvikling og kun 10 min. frå Bokn. Her ser ein for seg mange tusen arbeidsplassar i nye framtidsretta næringer. Til dømes batteri, hydrogen, karbonlagring, havvind og solenergi.

Historie

Bokn er ein av dei eldste kommunane i landet som består i si opprinnelige form. Namnet tyder sjømerke, sidan Boknafjellet var det første ein såg då ein kom seglande inn frå Nordsjøen.

Næringsliv

Næringslivet har tidlegare hovudsakleg dreidd seg om landbruk og fiske. Her er det framleis eit godt miljø, med unge som satsar på ei framtid innan desse yrka. No har me to store bedrifter i kommunen; Grieg seafood, som har både smoltanlegg på land og oppdrett i sjø, og HighComp, som lagar avanserte kompositt produkt til havbruk og offshore. I tillegg er det mange mindre bedrifter innan bygg, anlegg, verkstad, handel, service og liknande. Kommunen arbeider med å legge til rette næringsområde, og har eit næringsfond som kan gi støtte til oppstart og investeringar.

Frivilligkeit

Det er ein stor frivillig sektor i Bokn. Folk stiller opp på dugnad og hjelper kvarandre, med instillinga "Dette får me til". Av organisasjonar kan ein nemne Røde Kors, sanitetsforening, Bokn idrettslag, båtforening, pensjonistforening, speidar, historielag og andre. Her er det moglegheit til å vere med for dei som vil engasjere seg og bidra til samfunnet.

Ordførar Osmund Våga



Du bur i ein Av-og-til-kommune!

Bokn er ein Av-og-til-kommune. Det betyr at vi saman med Av-og-til jobbar med alkoholførebygging og godt alkovett for å gjere kvardagen tryggare for alle.

Alkovett handlar om å tenkje igjen om du skal drikke, og når du skal stoppe. Godt alkovett er viktig på arbeidsplassen, heime, på fritida, på arenaer der barn og unge ferdast, og på ulike sosiale møteplassar.

Les meir på avogtil.no

Ønskjer du å vite meir, eller kan du tenkje deg å bidra?
Ta gjerne kontakt med Av-og-til-koordinator Miriam på telefon 404 10 570
eller e-post miriam.berland@bokn.kommune.no.



Bokn kommune



Ein god oppvekst i trygge omgjevnader

Bokn er ein trygg plass der alle kjenner alle og folk stiller opp for kvarandre. Vi ønskjer at Bokn skal vere ein god plass å vekse opp for barn og unge. Dei siste åra har kommunen fullført fleire store prosjekt, mellom anna heilt ny idrettshall og skule. Vi vil bidra til ein god oppvekst gjennom å tilby gode møteplassar for barn og unge, eit variert fritidstilbod og eit godt skuletilbod.



Bokn ein god stad å bu



**ANAMARIA
CLEANING AS**

RENHOLD TILPASSET DINE BEHOV!

Ana Maria Cleaning AS kan levere daglig eller ukentlig renhold til din bedrift.
Vi fokuserer på at dere skal ha et godt innemiljø hvor deres verdier ivaretas.



Eit variert fritidstilbod – aktivitetar og friluftsliv

Bokn har nær tilknyting til sjøen og lange tradisjonar for fiske og båtliv. Her lærer ungane tidleg å bruke båt og trivsel på sjøen.

Kommunen er omgjeven av vakker natur og fleire fine turområde. Den populære turstien til Boknahåve startar i Føresvik og strekkjer seg gjennom typisk kystlandskap med heier til heilt nord på Vestre Bokn.

Kommunen har eit aktivt sykkelmiljø og fleire lokale utøvarar som har gjort det bra i konkurransar. I tillegg har vi speidar, Røde Kors, turlag og ein aktiv fritidsklubb.

Foto: Jardar Høvikbotn



I mer enn 30 år har Grieg Seafood Rogaland produsert sunn laks i fjordene i Rogaland. Fisken eksporterer vi til hele verden.

Vi er over 160 stolte medarbeidere som jobber på sjøanlegg, settefiskanlegg, slakteri eller kontor i Stavanger, Sandnes, Bokn, Suldal, Hjelmseland og Kvitsøy. I Rogaland produserer vi 350 000 måltider med laks hver dag, som spises til middag eller på brødskiva i 50 land i alle verdens hjørner.

Tusen takk til kommuner og lokalsamfunn for at dere har lagt til rette for oss, og tusen takk til alle våre lokale leverandører og samarbeidspartnere.

Havbruksnæringen er i rivende utvikling og har en stor fremtid i Ryfylket. Grieg Seafood Rogaland vil fortsette å skape gode jobber og positive ringvirkninger i vårt lokalsamfunn også i årene som kommer.

www.griegseafood.com

Grieg
Seafood®

ROOTED IN NATUR

Næringsliv og innovasjon

Foto: Tom-Inge Aksdal



Byggmesterfirma med lang erfaring innen
nybygg, restaurering og rehabilitering.
Vi har også eget snekerverksted

BYGGMESTER
ERIK VÅGA

Lodavegen 850, 5561 Bokn // Tlf. 900 33 553 // E-post: erivaag@online.no





Kommunen – ein pådrivar for næringsutvikling

Bokn kommune ønskjer å vere ein tilretteleggjar for næringsutvikling. Ein av fordelane med å vere ein liten kommune er at det er kort veg til alt og lett å komme i kontakt med dei tilsette i kommunen.

Gjennom næringfondet vårt kan du søke om støtte til oppstart av ny bedrift. Vi har også eit samarbeid med Innovasjon Norge og Rogaland ressurssenter. Kommunen er medeigar i den største ferdigregulerte næringsparken i Noreg, Haugaland Næringspark i Tysvær, som ligg ca. 10 minutt køyretur unna.

Eit allsidig næringsliv

Bokn er ein liten kommune, men har eit variert næringsliv med både store og små bedrifter. Dei største næringane er landbruk og fiske. Andre viktige næringar er akvakultur, båtverkstader, industribedrifter og produksjon av komposit-modular.

I tillegg er det mange som skaper sin eigen arbeidsplass og driv sjølvstendig næringsverksamhet. Det er fleire som driv eiga bedrift som attåtnæring til landbruk.

Næringsforum

Bokn Næringsforum er ein interesseorganisasjon for næringslivet i Bokn. Som medlem i næringsforumet er vi ei samla stemme på korleis det er å drive i Bokn, og i samarbeid med kommunen ønskjer vi å finne gode løysingar og skape forståing for kva næringslivet i Bokn treng.

Bokn er ein god plass å drive og næringslivet har alle moglegheiter i framtida. Vår oppgåve å støtte næringslivet i Bokn, både etablerte og dei som vil etablere.

Tormod Våga, Bokn Næringsforum



Fjord1 si kjerneverksemd er ferjetransport, og er det leiande selskapet i Noreg. Selskapet har og aktivitet knytt til hurtigbåt, catering og fjordbasert reiseliv.

Vi tenker energileiing og berekraft i alt vi gjer, og er eit innovativt selskap med store ambisjonar.

Fjord1 sin målsetnad er å vere best på miljøvennleg og påliteleg trasnport, og arbeider kontinuerleg med å utvikle nybygg i verdsklasse.

Så ledige stillingar på fjord1.no

fjord1

Reiseliv og turisme

Øyriket Bokn består av tre befolka øyar, samt mange små, ubebudde øyar. Tre bruver knyter øysamfunnet til fastlandet i nord, og ferja bind Bokn til Stavanger-regionen i sør. Når den nye Rogfast-tunnelen opnar i 2033 blir Bokn enda meir sentralt. Rogfast blir verdas lengste og djupaste undersjøiske tunnel og vil bidra til å knyte næringsliv og befolkning tettare saman på Vestlandet.




Foto: Ana Maria Stef



NEDREBØ
Maskin & Transport AS

Alt innen graving, natursteinsmuring, grusutsalg,
massetransport og brøyting

Kontakt oss gjerne for et uforpliktende tilbud eller befaring

Sander Kolnes tlf: 481 40 219 for gravearbeid | **Henrik Nedrebø** tlf: 414 07 142 for grusutsalg og transport
Facebook: Nedrebø Maskin & Transport A/S

Eit mangfald av aktivitetar

I Bokn blir det arrangert festivalar, konserter og andre kulturarrangement heile året. Du kan besøke landemerke som Bokn kyrkje og bygdemuseet, og oppleve historiske stader som gravhaugen frå bronsealderen og røykstova på Laupland. Bokn er kjend for vakker natur og har fleire gode fiskevatn med aure og ål, samt ei lang kystline med mange gode fiskeplassar ved sjøen.



Foto: Ida Havikbotn




Foto: Anita Syversen Are



Foto: Ida Kristin Vollum, Vestfoto AS



Foto: Ida Kristin Vollum, Vestfoto AS



H E R V I K R Ø R

Hervikneset 45, 5566 Hervik • Tlf. 52 77 47 90 • www.hervik.no

I over 40 år har vi fått mange fornøyde kunder innenfor privat, industri og kommuner.

Vi har hatt mange store og små prosjekter for både kommuner og private i løpet av vår tid i bransjen.

Hos oss kan du føle deg trygg på at ting blir som avtalt.
Ingen jobb for liten, ingen jobb for stor.

Boknafjellet

Boknafjellet med sine 293 moh. er eit landemerke som er synleg for sjøfarande på lang avstand. Turen til Boknafjellet er enkel å gå, med vakker utsikt frå toppen utover jordbrukslandskapet. Med normalt tempo er du oppe på ca. 45 minutt.



Foto: Ida Kristin Vollum, Vestfoto AS

Dagsturhytta

Dagsturhytta "Kongsbu" ligg vakkert til med god utsikt i alle retningar. Hytta ligg i eit område med typisk ope kystlandskap, med utsikt mot Boknafjorden og Tysvær i aust. Nedanfor hytta ligg ein grunn lagune med moglegheiter for bading. For å kome deg til Kongsbu kan du gå til fots, enten frå Foresvik eller frå kyrkja. Eller du kan velge sjøvegen via sundet ytst ved Kongshamn.



Foto: Hans Faye

Klepp festningsanlegg

Denne tyske festningen frå 2. verdskrig ligg på odden ved Klepp på Loden. Her finn du restar etter bunkersar, ammunisjonslager, løpegraver, kanonstillingar med feste, sjukestove, offisersbrakker, mannskapsbrakker, grisehus og kontrollpost ved vegen. Området er skilta og er tilgjengeleg til fots og på sykkel.



Foto: Armand Svendsen

Takk til alle annonsørar!



Sjekk vår hjemmeside for mer informasjon om båtene
Tlf. 916 24 847 • www.ognloysjefen.no • post@ognloysjefen.no



**Det meste innen flyttetjenester og ekspress.
Transport og distribusjon.**

For private og bedriften.



FLYTTING & FRAKT AS

Dagslandsvegen 6, 5561 Bokn • www.flytting-frakt.no



**Et fremtidsrettet boligområde
i Bokns nye sentrumshavn**



nyholmen-bokn.no



Leverandør av GRP-konstruksjoner
til olje-, gass- og akvakulturmarkedet

HighComp™
A CSUB COMPANY

highcomp.no

Bokn kommune

Boknatunvegen 37

5561 Bokn

Tlf.: 52 75 25 00

E-post: post@bokn.kommune.no



Design: Bokn kommune


- 1 Tusenårsstaden i Bokn
- 2 Bokn kyrkje
- 3 Bautastein Asbjørn Kloster
- 4 Bokn bygdamuseum
- 5 Gravrøys frå bronsealderen
- 6 Strandstaden Alvestadkroken
- 7 Bokn radio- og fjernsynssendar
- 8 Bygningen Kro
- 9 Syngesteinen
- 10 Røykstove frå 1500-talet
- 11 Strandbutuftene i Røydehamn
- 12 Kanalen i Sunnlandsstraumen
- 13 Klepp festningsanlegg
- 14 Dagsturhytta Kongsbu



Velkommen!

Me håper du får nytte av kartet og at det kan vera med på å gjera naturopplevinga større. Me vil oppmøda til alltid å visa hensyn når ein ferdast ute i det fri. Me vil også visa til hovudprinsippa i allemannsretten, lovfestinga i friluftslova av 1957. Det er viktig å notere seg at sjøl om det ikkje i same grad vil vera tilrettelagd for parkering osv. på dei ulike stadene, har ein likevel vald å markere kjende attraksjonar, gode turområde, badeplassar, fiskeplassar og liknande.

Me ynskjer deg velkommen og håper at du får det kjekt på Bokn.



www.bokn.kommune.no

BOKN

Bokn har vore sentral gjennom alle tider. Ein meiner at namnet Bokn tyder seglingsmerke. Den karakteristiske fjelltoppen på Vestre Bokn har vore lett å kjenna igjen og kunne orientera seg etter på sjøen. Skipslia nord-sør går gjennom sjølve Boknasundet. Her ligg framleis restar etter store gravrøyer frå bronsealderen. Dei vitnar om eit velorganisert samfunn alt den gongen.

I dag knyt tre bruer øyane saman og gjer dei til fastland med resten av Haugalandet. Saman med ferjestoa i Arsvågen er Bokn blitt porten mellom to av landets rikaste regionar. E39 går gjennom kommunen, og frå Bokn til Haugesund er det ei reisetid på ein snau halvtide, og ein time til Stavanger.

